

Tone: Såg Du mitt land?

Den nye tid ho stormar alle skansar  
og ropar høgt: «Or vegen. Her kjem eg.»  
Kvar forntids rubb og rake ei ho åhsar,  
men byd: «Til oldsak-skraphaugen med Deg.  
Her hev Du ikkje dusti meir å gjera.  
Forsvinn, og det litt snøggare enn fort.  
Ditt rusk og rask til berre skam vil vera  
når tidhøvt storverk no skal verta gjort.»

Den nye tid til bondetuns er korni  
med traktor-during og med stålstut-brøf.  
Av gamle, kjende våninghuse-låmi  
der snautt finst att ei einsleg klædningsfjøl.  
Den nye tid, kvar torvtekt, lyngklædd, læ  
fekk rive ned, og aldri gav ho grid.  
No held ho på og et på «Dukamøa»  
dei siste leivder av den gamle tid.

Den nye tid er allestad å finne,  
Ho sopar reint i kvar ei huse-krå.  
Kvar «Borsk» og «Ambar», «Tryl» og «Måfabidne»,  
kvar «Breidsle-høva», «Sigd» og «Tynsleljå».  
Der bonden fordom gjekk med korn til «meller»,  
og havrakvernj årstødt var i bruk,  
ligg no, ved foten av den bratte heller,  
det gamle kvernhus, lagt i røys og kruk.

«Få gruva ut, der gamle godmor knela,  
og bles seg mødd på ris og ålvåt ved.  
Få straumkomfur. Lat radioen spela,  
med maten kôkar stillt i ro og fred.  
På dør med «Lampa», «Talgaljøs» og «Kola»,  
og inn med ljosekruna og lampett.  
Den gråe støveegg må verta måla  
og plateklædd, så han vert rett og støtt.

Den nye tid ho fyller bondestova  
med fine møblar, prydd med stas og krot.  
No barneflokket skal kje lenger sova  
i sengebenken imillom gamalt skrot.  
Der gamle Godfar «skov» so sveitten sila,  
og «Rokk» og «Gogn» vart brukt på gamall vis,  
kan bonden no i mjuke armstol kvila  
og kosa seg med siste dags-avis.

Den nye tid gjer, kvi, reint forbina  
med nyfôdd dur, ved kvelds- og morgobil,  
der ho vert mjølka av ei greid maskina,  
alt med' budeia syng og trallar til.  
Og kvar ei raudleitt «dros» med «Breidsle-riva»,  
som «langorvs-skåren» jamna ut, so snar  
vil «Traktorvendåren» frå bøen driva.  
Og «Mororljåen», kvar ein sláttekar.

Den nye tid ho sviv om alle nutar.  
Snart kjem vel bort kvar kjerra og kvar øyk.  
Ho fyller munnen på dei unge gutar  
med sigarettar, snus og tobakks-røyk.  
Den vadmolksklædde gjenta gjekk or-verdi  
kom bort i lag med anna gamalt grums.  
Moderne møyar pryder seg på ferdi  
med lippestift og neglelakk og pumps.

Men ikkje alt det gamle er å vanda.  
Og ikkje alt av nytt er ovlegt godt.  
Som oftast godt og vondt er samanblanda.  
Og tidt kan ruva «stort» det som er smått.  
Me treng om visdom når me vel og vraka,  
og mød å segja klårt og greidt i frá  
når tidi vil det gode frá oss taka,  
og «barnet ut med vaskevatnet slå».

Johs. M.L. Rydland.